



Julebrev frå ICARE2



Gode bidragsytar!

I dette brevet formidlar vi litt av historia til Felicidad Arias. Ho bur saman med dei fire barna sine under ei bru. Kvardagen er prega av trafikkstøy og eksos. Det er også andre fattige som bur der. Felicidad og barna lever av det dei kan tene på ei enkel form for kiosksal. Når det er uvær og regnar vert staden oversvømt og dei må søkje ly andre stader. Nokre gonger kan dei få lov til å sove på lasteplanet til varebilar som er parkert i nærleiken. Dei sterke bileta talar for seg sjølv. To av barna har vore med i Icare2 sitt sponsorprogram, men akkurat no er det berre yngstejenta Geraldine som går på skulen.



Her heime nærmar det seg jul. Det du pakkar i bilen for å reise på helgetur er truleg meir enn alt dei eig og har. Medan me badar i luksus med forventningar om store flotte pakkar under juletreet, er det mange som dei. Dei har aldri feira jul slik vi gjer det, og barna veit ikkje kva julepresangar er. Vit då at eit lite bidrag frå deg er med på å gjere kvardagen lettare for nettopp Felicidad og barna hennar.

Arild Landa, styreleiar



Historia om FELICIDAD ARIAS

Felicidad Arias, Aka, "FELA", bur på baksida av Unit III Carbon Market, Cebu City. Ho sat fem år i fengsel i Bagong Buhay rehabiliteringssenter for kvinner fordi ho og mannen hadde selt hasj. Felicidad har vore gift to gonger og har fire barn; Reynaldo og Reynalym Lim samt Leonardo og Geradine Ocampo. Ho har vore aleine om ansvaret for barna etter at ho kom ut av fengselet fordi ho og mannen skilde lag. Ho bur no saman med barna under eit brukar (South road property bridgde). Når det regnar får dei nokre gonger lov til å sove på lasteplanet til varebilar som har parkering like ved.

I fengslingstida var ho avskoren frå kontakt med mannen og barna. Barna var i denne tida overlatt heilt til seg sjølve. Dei levde frå dag til dag og tente til livets opphald med å springe ærend i nabolaget. Geraldine, den yngste av barna, var då så liten at ho måtte berast på ryggen til storesøster Reynalym medan ho leita etter arbeid og noko som kunne mette dei svoltne syskena.

I kvinnefengselet møtte Felicidad Elisabeth og Marie som begge er misjonærer ved stiftinga Rise Above. Rise Above er Icare2 sin samarbeidspartnar i Cebu City. Elisabeth er frå Noreg og har via heile livet sitt til å hjelpa fattige og forkynne den kristne budskapen ulike stader i den fattige verda saman med sin danske mann Flemming. Marie er filippinsk og ICARE2 sin hovudkontakt i Cebu. Kvar fredag drar Marie og Elisabeth til kvinnefengselet .

Medan Felicidad sat i fengselet fekk ho ein alvorleg bakterieinfeksjon i underkjeven og hovna kraftig opp. Ho fortel at ho var så dårleg at ho berre vart gitt fem dagar att å leva. Alle tennene i underkjeven var råtne og betente. Marie og Elisabeth oppdaga situasjonen og dei tok med seg ein tannlækjar til sjå på henne. Etter at alle tennene i underkjeven var trekte vart ho bra av infeksjonen. For Felicidad var dette ei stor hending, og ho var svært takksam og følte at ho vart gitt eit nytt liv og ein ny sjangse. Ho takka Marie, Elisabeth og tannlækjaren og seier at dei redda livet hennar.

Marie har også gitt Felicidad litt pengar (3500 pesos = ca 500 kr) slik at ho kunne starte med ein liten gatekiosk der ho sel varme drikkar ved marknaden. På dette tente ho nok til å brødfø familien. Men ein dag havna Leonardo i trøbbel med ein nabogut. Naboguten måtte ha legehjelp og medisinar etter samanstøyten, og Felicidad vart pressa til å betale kostnadane.



Geradine og mamma Felicidad attmed gatekiosken.



Geradine saman med storesyster Reynalym. I bakgrunnen står varebilane der dei søv når det er uver..



Her bur dei saman med andre fattige. Over hovudet deira dundrar tett trafikk .



For å klare utgiftene måtte ho selje gatekjøkkenet sitt, og dei var igjen på bar bakke. Ho måtte i ein periode gjere ærend og vaske klede i grannelaget for å skaffe mat. Men Marie gav Felicidad enno ein gong startkapital slik at ho kunne starte gatebutikken att, og slik tener ho pengar til mat for seg og barna.

Lonardo og Geraldine går på skulen City Central School ved hjelp av midlar frå Icare2. Via vårt sponsorprogram får dei alt dei treng til skulegangen – skulemateriell, ransel, skor, sokkar, uniform, treningstøy samt mat medan dei er på skulen. Felicidad er svært takksam og framhevar at Icare2 ikkje berre hjelper barna ved at dei får skulegang og det dei treng til dette, men at dette også gjev dei håp og draumar for framtida. Ho fortel også at hjelpa har stor innverknad på heile familien fordi det lettar børa å vera fattig forelder å sjå at barna får skulegang og moglegheiter.



Geradine saman med storesyster Reynalym som måtte bera ansvaret for dei to yngste barna i fem år medan mor sat i fengsel.



Felicidad saman med dei to yngste barna, Leonardo og Geradine som begge er i ICARE2 sitt sponsorprogram.

Om ICARE 2

ICARE2 sitt føremål er å hjelpe fattige barn i Filippinane med utdanning. Vi samarbeider med stiftinga RiseAbove i Cebu City for å få hjelpa fram. Filippinane består av 7107 større og mindre øyar som til saman utgjør eit flateareal om lag på storleik med Noreg. På 800 av desse øyene bur 100 millionar menneske. 40 millionar av disse lever under fattigdomsgrensa og minst 25 millionar går svoltne til sengs.

Lokal forankring

Ein viktig føresetnad for å hjelpe er solid lokal forankring. Prosjektet vert følgd opp av lokale kontaktar som har grundig kjennskap til språk, kultur, skule og skulekrets. Det er ingen støtte i form av kontantar, berre skulemateriell, skuleuniform, mat og transport.

Føremål

Minnestiftinga Initiativ for barns rett til utdanning (ICARE2) arbeider for å gi fattige barn i Filippinane moglegheit til utdanning. Stiftinga er oppretta til minne om Nanne Andrea og Solveig Davies Landa.

Send ditt bidrag til:
ICARE2, Postboks 3431,
7425 Trondheim
Kontonummer:
1254 05 46698
(Organisasjonsnummer 992 934 980)



Kvalitetssikrer
Innsamlinger

